



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

# Rapport frå forvaltningskontroll Vindafjord kommune NR. 3 – 02.05.2013

---

Kontrolleiar: Geir Helge Rygg

saksnummer 2013/3359

---

## Innhold

1. Samandrag .....	3
2. Innleiing .....	4
3. Bakgrunn for kontrollen .....	4
4. Heimel for kontrollen .....	4
5. Opplysningar om gjennomført kontroll.....	5
5.1. Faktaopplysningar om sjølve kontrollen .....	5
5.2. Møter, intervju og dokumentgjennomgang .....	5
5.3. Tema for forvaltningskontrollen .....	6
6. Funn.....	7
6.1. Definisjonar .....	7
6.2 Tema nr. 1 – Sakshandsamingsrutinar .....	7
6.3 Tema nr. 2 - Risikovurderingar ved føretakskontroll.....	8
6.4 Tema nr. 3 - Driftsfellesskap.....	9
6.5 Tema nr. 4 - Beitetilskot.....	10
6.6 Tema nr. 5 – Spreieareal.....	11
6.7 Tema nr. 6 – Planting etter hogst .....	11
6.8 Tema nr. 6 - Reaksjonar ved avvik.....	12
6.9 Generelt .....	13
7. Oppfølging etter kontrollen .....	13
8. Vedlegg .....	13
8.1 Vedlegg 1. Oversikt over gjennomgått dokumentasjon .....	13

## 1. Samandrag

Fylkesmannen i Rogaland var på forvaltningskontroll i Vindafjord kommune 03.05.2013. Hovudtema for kontrollen var kommunen si handsaming av produksjonstilskotsordninga.

Basert på kontrollen har vi registrert følgjande avvik og merknader:

### Avvik:

- **Avvik 1:** Det er gitt munnleg utsett frist for forynging etter hogst. Vedtak om utsett frist for forynging av hogst skal vere skriftleg – jf. § 3 i forvaltningslova.

### Merknader:

- **Merknad 1:** Manglande rutinebeskriving og sjekklister rundt kommunen si handsaming av PT-søknader.
- **Merknad 2:** Mangelfull dokumentering av bakgrunn for det enkelte risikobaserte utplukk og manglande rutinebeskriving av korleis slikt uttrekk skal gjerast.
- **Merknad 3:** Kommunen gjer ikkje eit fullstendig risikobasert utplukk i sine stikkprøvekontrollar.
- **Merknad 4:** Kommunen har lite kontroll av driftsfellesskap, som til dømes ein grundigare gjennomgang av dokumentasjon og driftsopplegg.
- **Merknad 5:** Kommunen har for lite kjennskap til korleis drifta er for føretak der det er risiko for driftsfellesskap.
- **Merknad 6:** Lite konkret kontroll av om krava som ligg i regelverket blir følgt opp. Kommunen må gjere meir konkrete vurderingar i den enkelte sak.
- **Merknad 7:** Rogalandsmodellen blir ikkje nytta i tilstrekkeleg grad for å gjere ei fagleg vurdering av tal dyr som søkjar har anledning til å føre opp på utmarksbeite.
- **Merknad 8:** Det er godkjent tilskot til kyr på utmarksbeite sjølv om det er normal mjølkeproduksjon. Kommunen har ikkje kontrollert om søkjar har rett på tilskot.
- **Merknad 9:** Kommunen vurderer ikkje avkorting i alle tilfella der det er gitt feil opplysningar som kunne ført til urettmessig meirutbetaling. Kommunen skal vurdere avkorting i alle tilfella der føretak har gitt feil opplysningar som kunne ført til urettmessig meirutbetaling av tilskot – jf. rundskriv 37/12 frå SLF, kap. 5.
- **Merknad 10:** Behov for betre samordning mellom dei som jobbar med produksjonstilskot i kommunen når det gjeld arbeidet med stikkprøvekontrollar.

I rapporten blir gjennomføring av sjølve kontrollen og nærare beskriving av avvik og merknader gjennomgått.

## 2. Innleiing

Vi viser til varsel om kontroll av 26.03.2013 og påfølgjande gjennomført kontroll den 02.05.2013. Hovudtema for kontrollen var kommunen sin forvaltning av produksjons-tilskotsordninga. I tillegg var temaet foryngingsplikt etter skogbrukslova og kommunen si forvaltning etter gjødselvereforskrifta. På sjølve kontrollen blei det avslutningsvis delt ut ein førebels rapport. Denne sluttrapporten gir utfyllande opplysningar til dei funna som blei gjennomgått på kontrollen. I tillegg kjem eventuelle opplysningar kring sjølve kontrollen.

## 3. Bakgrunn for kontrollen

I embetsoppdraget frå Landbruks- og matdepartementet har Fylkesmannen fått i oppdrag å gjennomføre forvaltningskontroll av kommunane innanfor landbruksområdet. Fylkesmannen (FM) har det regionale ansvaret for å sikre at statlege midlar blir brukt og forvalta i samsvar med gjeldande regelverk. Fylkesmannen sin kontroll i Vindafjord kommune inngår i dette arbeidet.

Hovudtema for forvaltningskontrollen i Vindafjord var kommunen si forvaltning av produksjonstilskot i jordbruket (PT) I tillegg var kommunen si forvaltning på skogområdet og kommunen si forvaltning etter gjødselvereforskrifta tema på kontrollen.

Føremålet med kontrollen var å kontrollere kommunen si etterleving av forskrift 12.12.2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten, § 15. FM ønskjer å kartleggje om kommunen har ei forsvarleg forvaltning av nemnte ordningar, og om kommunen si forvaltning skjer i tråd med gjeldande regelverk.

## 4. Heimel for kontrollen

Heimel for forvaltningskontrollen er forskrift av 12. desember 2003 nr. 1938 om Reglement for økonomistyring i staten § 15, der det heiter:

*”Overordnede virksamheter skal ivareta kontroll med at underliggende virksamheter og enheter utenom statsforvaltningen som utøver forvaltningsmyndighet, utfører sine oppgaver på forsvarlig måte og i henhold til § 14. Tilskuddsforvaltere skal ivareta kontroll med at tilskuddsmottakere oppfyller de vilkår som er stilt for tilskuddet. Finansdepartementet kan fastsette bestemmelser for kontroll av utøvelse av forvaltningsmyndighet som er delegert til enheter utenom statsforvaltningen.”*

Regelverket for økonomistyring i staten skal sikre ei effektiv styring og utnytting av statlege midlar og ei god mål- og resultatopnåing.

Ordningane som blei gjennomgått er omfatta av følgjande regelverk:

- Lov 27.05.2005 nr. 31 om skogbruk (skoglova)
- Forskrift 22.03.2002 nr. 283 om produksjonstilskudd i jordbruket
- Forskrift 04.07.2003 nr. 951 om gjødselvarer mm. av organisk opphav
- Forskrift 06.07.2006 nr. 593 om berekraftig skogbruk

- Teknisk jordbruksavtale 2012-2013
- Aktuelle rundskriv frå SLF, m.a. 22/12, 23/12, 37/12

## 5. Opplysningar om gjennomført kontroll

### 5.1. Faktaopplysningar om sjølve kontrollen

<b>Dato for kontroll:</b> 02.052013	<b>Journalnummer:</b> 2013/3359
<b>Dato for førre kontroll:</b> 06.09.2012	<b>Journalnummer:</b> 2012/8117

#### *Kontrollert verksemd*

<b>Kommune:</b> Vindafjord kommune	<b>E-post:</b> postmottak@vindafjord.kommune.no
<b>Besøksadresse:</b> teknisk bygg i Sandeid	<b>Telefon:</b> 53656565

#### *Tilstades frå kommunen*

Namn	Funksjon	Opnings- møte	Intervju	Sluttmøte
<b>Kristian Birkeland</b>	Rådmann	X		X
<b>Anne Sofie Sandvik</b>	Einingsleiar areal og forvaltning	X	X	X
<b>Sissel Lilleland</b>	Rådgjevar	X	X	X
<b>Gitte P. Halvorsen</b>	Rådgjevar		X (for tema skog)	X

#### *Tilstades frå Fylkesmannen*

Namn	Funksjon	Opnings- møte	Intervju	Sluttmøte
<b>Hadle Nevøy</b>	Landbruks- direktør	X	X	X
<b>Geir Helge Rygg</b>	Rådgjevar	X	X	X
<b>Linn Borsheim</b>	Rådgjevar	X	X	X

### 5.2. Møter, intervju og dokumentgjennomgang

Kontrollen starta med eit opningsmøte der landbruksdirektør Hadle Nevøy informerte om bakgrunnen for kontrollen. Han la vekt på den viktige rolla som kommunane har i gjennomføring av landbrukspolitikken, og at kommunane si behandling av sentrale verkemiddel har mykje å seie for tilslutninga til politikken og verkemiddelbruken.

Deretter blei det gjennomført intervju om dei ulike tema. Geir Helge Rygg leia sjølve kontrollen med intervju, Linn Borsheim var medkontrollør og skrivar. For nokre av tema blei intervju supplert med spørsmål knytt til søknader frå føretak. På grunnlag av intervju utarbeidde Fylkesmannen ein førebels rapport som blei gjennomgått på eit felles sluttmøte.

### 5.3. Tema for forvaltningskontrollen

Nr.	Tema	Stikkord
1	Sakshandsamingsrutinar	Kommunen sine rutinar for handsaming av innkomne søknader fram til godkjenning. Kva blir kontrollert og korleis blir søknadene gjennomgått fram mot godkjenning?
2	Risikovurderingar ved føretakskontroll	Kva rutinar har kommunen rundt utplukk av føretak til stikkprøvekontroll. Blir det gjort eit uttrekk basert på risiko, og i så fall; korleis?
3	Driftsfellesskap	I kva omfang og i kva for nokre tilfelle kontrollerer kommunen om det er driftsfellesskap mellom dei ulike føretaka. Korleis blir denne kontrollen i tilfelle gjennomført og loggført?
4	Beitetilskot	Kva rutinar har kommunen på godkjenning av dyr på innmarks- og utmarksbeite?
5	Kontroll av spreieareal i samband med utbetaling av PT	Kva rutinar har kommunen for å kontrollere at føretaka som søker produksjonstilskot har nok spreieareal for husdyrgjødsel? Kva gjer kommunen dersom det blir oppdaga at eit føretak har for lite spreieareal?
6	Skog – planting etter hogst	Korleis forvaltar kommunen dei oppgåvene dei har ansvar for på skogområdet?
7	Reaksjonar ved avvik	Korleis handsamar kommunen søknader om produksjonstilskot der det blir oppdaga feil i søknaden som ville ført til for høg utbetaling, eller der kommunen kjenner til at søker har brote regelverk om jordbruksverksemd? Kva vurderingar blir gjort i slike tilfelle, og blir det avkorta i tilskotet?

## 6. Funn

I dette kapitlet vil FM gi ei tilbakemelding på utført kontroll fordelt på tema. Eventuelle avvik og merknader som blei avdekka vil bli gjennomgått under det enkelte tema.

### 6.1. Definisjonar

Funn blir delt opp i merknader og avvik. Definisjonen på desse er:

- **Avvik:** Mangel på oppfyling av krav fastsett i eller i medhald av lov eller føresegn.
- **Merknad:** Forhold som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik, men som FM meiner det er nødvendig å peike på for å sikre god forvaltning av dei ordningane som er kontrollerte.

### 6.2 Tema nr. 1 – Sakshandsamingsrutinar

Om regelverket:

Kommunen har ansvar for å godkjenne søknader om produksjonstilskot, jf. PT-forskrifta § 10 første ledd. Kommunen sit såleis med eit særskilt ansvar for tilskotsutbetalinga. For å sikre at søknader som blir godkjente fyller krava for tilskotsutbetaling som ligg i regelverket, er det viktig med gode og oversiktlege sakshandsamingsrutinar for innkomne søknader.

Vurdering

Som innleiing til sakshandsaminga sjekkar kommunen om tala på søknaden har endra seg i høve til søknad året før. Søknader der det har vore eigarskifte blir sjekka ekstra. Her blir det opplyst at det gjerne er dialog med bonden undervegs i sakshandsaminga.

Sjølv om det blir opplyst at ”åpenbare ting” blir fanga opp undervegs saknar vi ei nærare konkretisering av faste sjekkpunkt. Til dømes (som synt til i tema nr. 4) kunne mjølkekyr på beite vore eit slikt sjekkpunkt. Vi vil rå til at kommunen synleggjer slike sjekkpunkter i ei skriftleg sjekklister, der det kjem fram kva som skal gjerast med ein søknad og kontrollerast i denne før den blir godkjend/avvist. Ei sjekklister sikrar at kommunen får kontrollert relevante punkter i søknaden på rett måte, slik at ingen viktige punkt blir gløymt. Utarbeiding av sjekklister bidreg også til bevisstgjerjing av kva som er viktig å kontrollere ved søknads-handsaming, og det gjer kommunen mindre sårbar ved fråvær og nyttilsetjing. Mellom anna har vi inntrykk av at kommunen kan vere meir bevisst på å kontrollera opplysningar utover dei som blir sjekka maskinelt. Ei sjekklister vil kunne vere til hjelp for å finne fram til viktige kontrolltema utover dei som blir sjekka maskinelt

Kommunen har ikkje rutinebeskriving som forklarar korleis ein søknad skal handsamast frå den kjem inn og til den blir godkjend/avslått. Dette gjer at kommunen er meir sårbar for fråvær og nyttilsetjing. Gode rutinebeskrivingar sikrar at søknader blir handsama best mogleg uavhengig av kven som gjer jobben og er av den grunn eit viktig arbeidsverktøy.

Merknad:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknad:

- Merknad 1. Manglande rutinebeskriving og sjekklister rundt kommunen si handsaming av PT-søknader.

### 6.3 Tema nr. 2 - Risikovurderingar ved føretakskontroll

Om regelverket:

Kommunen skal plukke ut minst 5 % av føretaka som har søkt om produksjonstilskot til stikkprøvekontroll. Utplukket skal vere risikobasert, jf. kapittel 5 i rundskriv 23/12 frå SLF. Det vil seie at kommunen må vurdere kor sannsynleg det er at føretak kan få urettmessig utbetalt tilskot, og moglege konsekvensar av slik urettmessig utbetaling. Her er det viktig at kommunen gjer gode vurderingar i forkant av stikkprøvekontrollen. Kommunen må bruke den lokalkjennskapen dei har og erfaringar frå tidlegare søknadsomgangar.

Vurdering

Kommunen viser til at stikkprøvekontrollen for søknadsomgangen i januar 2013 er basert både på føretak der det er mistanke om brot på regelverket samt tilfeldig utplukk. Det er positivt at kommunen merkar seg aktuelle føretak for kontroll gjennom året, og trekk ut desse ved stikkprøvekontrollen. Ut i frå SLF sine føringar for korleis eit risikobasert uttrekk skal skje, er det likevel nødvendig med forbetring på dette punktet. Det at stikkprøvekontroll skal baserast på risikovurderingar, sett krav til at kommunen ser på kva ordning som gir risiko for feilutbetalingar, og korleis dette kan kontrollerast. Som det kom fram i intervjuet, er kommunen bevisst på fleire risikoområde som kan vere aktuelle for eit risikobasert utplukk. Til dømes blei det nemnt at driftsfellesskap og gjengroing av beite kan vere aktuelle tema for framtidig stikkprøvekontroll.

Forvaltningskontroll i Vindafjord kommune hausten 2012 viste og at kommunen mangla ein heilskapleg form for risikovurdering ved utplukk til sine stikkprøvekontrollar. Vi kan ikkje sjå at det er gjort endringar for søknadsomgangen i januar 2013. Kommunen forklarte at dette skuldast prioritering av arbeidet med å få fleire føretak til å søkje elektronisk. Vi ser det som positivt at kommunen vil prioritera risikobasert utplukk framover gjennom frigjering av ressursar .

Vi saknar skriftleg notat eller liknande som syner korleis utplukket er gjort. Ein systematisk gjennomgang, som syner kva prioriteringar og vurderingar som er gjort, vil etter vårt syn gjere grunnlaget for kontrollarbeidet tydeleg og tilgjengeleg for alle som er involverte.

Kommunen har ikkje skriftleg rutinebeskriving som viser korleis arbeidet med risikobasert utplukk skal gjerast. Som for søknadshandsaming, er det også her viktig med gode rutinebeskrivingar.

Merknad:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknader:

- Merknad 2: Mangelfull dokumentering av bakgrunn for det enkelte risikobaserte utplukk og manglande rutinebeskriving av korleis slikt uttrekk skal gjerast.



- Merknad 3: Kommunen gjer ikkje eit fullstendig risikobasert utplukk i sine stikkprøvekontrollar.

## 6.4 Tema nr. 3 - Driftsfellesskap

### Om regelverket:

Kommunen har ansvar for å kontrollere at det ikkje er så nært samarbeid mellom føretak at det fører til driftsfellesskap, jf. § 4 i PT-forskrifta. Spesielt er det viktig med slik kontroll i tilfeller der fleire føretak på same landbrukseigedom søkjer produksjonstilskot. Risikoen for feilutbetaling er høg dersom det ligg føre driftsfellesskap mellom to føretak som søkjer om produksjonstilskot. Det er derfor viktig at kommunen fører gode kontrollar med denne delen av regelverket.

### Vurdering

Kommunen har fokus på driftsfellesskap ved oppstart av nytt føretak på allereie eksisterande driftseining. Når det kjem to søknader om tilskot frå same landbrukseigedom første gang, blir brukarane rettleia om regelverket for driftsfellesskap i forkant av oppstart. Dette er positivt for å hindre at regelverksbrot oppstår og må sjåast på som eit viktig og bra arbeid frå kommunen si side.

Intervjuet viser at det utanom denne rettleiinga ikkje er praksis for å gå nærare inn på kontroll av driftsfellesskap ved den enkelte søknadsomgang. Kommunen viser til at dette er eit vanskeleg tilgjengeleg regelverk, noko som gjer kontroll krevjande. Vårt inntrykk er at kommunen kvir seg for å sjekka om det ligg føre driftsfellesskap mellom fleire føretak. Vi viser til at SLF gjennom rundskriv har konkretisert kva som er relevant å kontrollera. Dette er til hjelp i kommunen sitt kontrollarbeid. Vi saknar såleis ei vidare oppfølging av dette risikoområdet ut over det som blir gjort i førekant av oppstart av drifta for føretak nummer to på den same landbrukseigedommen. Vi er klar over at dette er eit krevjande område å kontrollera, men det er og eit viktig risikoområde der det kan skje store feilutbetalingar. Kontroll av driftsfellesskap er derfor ein viktig del av kontrollarbeidet til kommunen.

Som døme på godkjente søknader frå to føretak på den same landbrukseigedommen hadde vi plukka ut to saker. Her ønskte vi å få vite meir om kva vurderingar kommunen si godkjenning er tufta på. Informasjon om dette var ikkje tilgjengeleg då sakshandsamar var slutta, og det heller ikkje var nytta skriftlege vurderingar i form av interne notat. Det er derfor ikkje mogleg for nyttilsette og andre å sjå på korleis kommunen i si tid har vurdert drifta i høve til driftsfellesskap. Dette viser at det er viktig med eit skriftleg kontrollerbart system. Kommunen opplyser at det no i seinare tid blir nytta skriftlege interne notat i saker som gjeld spørsmål om driftsfellesskap, og at det dermed er innført betre rutinar på dette punktet.

Det er viktig at kommunen med jamne mellomrom gjer ein meir grundig driftsfellesskapsvurdering av føretak i kommunen. Intervjuet avdekkja at kommunen har mangelfull oversikt over korleis drifta er for ein del føretak som er i risikograppa for driftsfellesskap. Dette viser behovet for meir kontroll rundt dette temaet. I søknadsomgangen pr. 01.01.2013 har SLF bede kommunane om å prioritera driftsfellesskap i sin stikkprøvekontroll. Dette har ikkje blitt

gjennomført av kommunen og bør derfor bli teke opp som tema for ein av dei seinare søknadsomgangane.

#### Merknader:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknader:

- Merknad 4. Kommunen har lite kontroll av driftsfellesskap, som til dømes ein grundigare gjennomgang av dokumentasjon og driftsopplegg.
- Merknad 5. Kommunen har for lite kjennskap til korleis drifta er for føretak der det er risiko for driftsfellesskap.

### 6.5 Tema nr. 4 - Beitetilskot

Kommunen skal sjå til at føretak som søker om beitetilskot oppfyller krava til beiting, jf. teknisk jordbruksavtale for 2012-2013, pkt. 7.5. Det betyr at føretak som har dyr på beite skal oppfylle gitte krav om minimum tal veker beiting og at beiting skjer med tilfredstillande beitemoglegheiter. Det er krav om at minst 50 % av det daglege grovfôropptaket skal skje ved beiting.

#### Vurdering

Kommunen opplyser at det er gitt informasjon til føretaka om at det ikkje kan søkjast tilskot til utmark dersom innmarksbeiteareal ikkje er nytta fullt ut. Kommunen opplyste vidare at det ikkje har vore spesiell fokus på kontroll av beitetilskot.

Føresetnaden for å få utbetalt tilskot til beite i utmark i tillegg til generelt beitetilskot (innmark), er at det er tilstrekkeleg med dyr til at innmarka blir nytta fullt ut. Dette gjeld i dei tilfelle der det ikkje er gjerde mellom innmark og utmark, og det difor ikkje er mogleg å skilje desse ulike arealkategoriane. Til hjelp i den faglege vurderinga av når innmarka er nytta fullt ut har vi i fylket utvikla ”Rogalandsmodellen”. Modellen er til hjelp når det skal gjerast ei fagleg vurdering av tal dyr som søkjar har anledning til å føre opp på utmarksbeite. Kommunen nyttar ikkje Rogalandsmodellen aktivt som hjelp i den faglege vurderinga. Etter det som kom fram under intervjuet blir det gjort lite konkret kontroll av om krava som ligg i regelverket blir følgt opp.

Kommunen opplyste at det er bøndene som ikkje har mjølkeproduksjon i sommarmånadane som slepp dyra på utmarksbeite. Vi viste fleire døme på det motsette, det vil seie at føretak med mjølkekyr i normal produksjon har fått godkjent beitetilskot til utmark (søknadsomgangen august 2012). Kommunen har ikkje kontrollert om søkjar har rett på tilskot i desse tilfella og det kan stillast spørsmål til om det er utbetalt urettmessig tilskot. Om det er mjølkeproduksjon, kan sjekkast i leveranseregisteret for mjølk som er tilgjengeleg i Wespa.

#### Merknader:

På bakgrunn av vurderingane har vi følgjande merknader:

- Merknad 6. - Lite konkret kontroll av om krava som ligg i regelverket blir følgt opp. Kommunen må gjere meir konkrete vurderingar i den enkelte sak.

- Merknad 7. Rogalandsmodellen blir ikkje nytta i tilstrekkeleg grad for å gjere ei fagleg vurdering av tal dyr som søkjar har anledning til å føre opp på utmarksbeite.
- Merknad 8. Det er godkjent tilskot til kyr på utmarksbeite sjølv om det er normal mjølkeproduksjon. Kommunen har ikkje kontrollert om søkjar har rett på tilskot.

## 6.6 Tema nr. 5 – Spreieareal

### Om regelverket:

Produsentar med husdyr skal ha tilstrekkeleg disponibelt areal for spreieing av husdyrgjødsel, jf. § 24 i gjødselverforskrifta. Vidare er det ikkje lov å spreie gjødsel på frossen mark, jf. § 23 i gjødselverforskrifta. Det er kommunen som skal føre tilsyn med at kravet til spreieareal og spreietidspunkt blir etterlevd, jf. § 29 i same forskrift. Kommunen har og mynde til å dispensere frå desse krava, jf. § 31 i forskrifta. Ved manglande spreieareal, får føretaket ein reduksjon i produksjonstilskotsutbetalinga, jf. teknisk jordbruksavtale 2012/2013, kap. 7.1.2. For å sikre at føretaka held seg innanfor regelverket om spreieareal og spreietidspunkt, er det viktig med god og målretta kontroll frå kommunen si side.

### Vurdering

Det blei gjennomført ein grundig kontroll med søkelys på spreiearealsproblematikken i 2009. Kommunen krevde då skriftlege avtaler ved leige av spreieareal samt sjekka at partane hadde skriftlege avtalar. Kommunen stilte og krav om dokumentasjon frå dei som mottok gjødsel frå maskinringen. Det er positivt at kommunen har hatt ein grundig kontroll av om krava som ligg i regelverket blir følgt opp.

Som kommunen viser til, har det skjedd endringar etter denne tid. Mellom anna er det bygd fleire store driftsbygningar i ettertid der det er viktig å sjå til at det er tilstrekkeleg spreieareal til husdyrbesetningen. Kontroll av at spreiearealsavtalane blir følgt opp, er og eit viktig sjekkpunkt. Det er difor viktig at kommunen har fokus på dette risikoområdet framover også.

## 6.7 Tema nr. 6 – Planting etter hogst

### Om regelverket:

Forynging etter hogst skal setjast i gang innan 3 år. Fristen kan etter søknad forlengast til 5 år, jf. § 6 i skoglova. Det same gjeld eventuell omdisponering til beite. Kommunen skal føre tilsyn med at reglane i lova blir etterlevd og skal kontrollere at vedtak med heimel i lova blir gjennomførte, jf. § 20 i skoglova. Kommunen har dermed eit særskilt ansvar når det gjeld skogfondordninga, skogkultur, skogvegar og foryngingsplikta.

### Vurdering

Etter det som kom fram under intervjuet, har kommunen eit godt system for oversikt over kven som har hogd, og kva som er hogd dei siste åra. Det er nær kontakt mellom kommune og skogeigar for å syte for at foryngingsplikta blir følgt opp. Mellom anna er skogansvarleg kontaktledd mellom skogeigar og seljar ved bestilling av planter og utlån av planteutstyr, og er på andre måtar aktiv i dette arbeidet. Det er positivt at kommunen er så aktiv i dette arbeidet, noko som bidreg til å halde oppe skjøtsel av skogareal.

I nokre tilfeller følgjer ikkje skogeigar opp kravet om forynging etter 3 år. Kommunen ser her at reaksjon etter skoglova kan bli nødvendig for at krav til forynging i skogen skal bli følgt opp. Kommunen vurderer og om fristen skal forlengast til 5 år i nokre tilfelle. Som tilsynsmynde blir det stilt krav om at kommunen tar i bruk nødvendige juridiske verkemiddel i dei tilfella der skogeigar ikkje har sett i gang fornying av skog innan gjeldande tidsfrist. Vi ser at kommunen har stor aktivitet på dette området for å nytta dei positive verkemidla best mogleg. I nokre tilfelle der skogeigar ikkje følgjer dei lovpålagte tiltak for fornying av skog, må kommunen vurdere å ta i bruk dei juridiske verkemidla for at det skal skje planting etter hogst. Her har kommunen gitt munnleg utsett frist. Ei slik avgjerd er eit enkeltvedtak. Det er krav om at enkeltvedtak skal vere skriftlege – jf. § 23 i forvaltningslova. Kommunen må difor endra praksis når det blir gitt utsett frist for forynging

- Avvik 1: Det er gitt munnleg utsett frist for forynging etter hogst. Vedtak om utsett frist for forynging av hogst skal vere skriftleg – jf. § 3 i forvaltningslova.

## 6.8 Tema nr. 6 - Reaksjonar ved avvik

### Om regelverket:

Kommunen har ansvar for å vurdere avkorting i tilfeller der det blir oppdaga feil i søknad om produksjonstilskot eller ved regelverksbrot, jf. § 12 og § 13 i PT-forskrifta. Hovudregelen er at tilskotet skal avkortast dersom det er gitt feil opplysningar som ville gitt ei urettmessig meirutbetaling av tilskot, jf. rundskriv 37/12 frå SLF, kap. 5. Ei god oppfølging frå kommunen si side her, er viktig for å gjere søkjaren meir aktsam og for å førebyggje feilutbetalingar og regelverksbrot.

### Vurdering

Kommunen kan berre vise til eit døme for søknadsomgang 2013 der det er sendt ut varsel om avkorting sjølv om det blir vist til mindre avvik når kommunen har vore på stikkprøvekontroll. Dette blir retta opp på søknaden utan at avkorting blir vurdert. Grunngevinga er at dette ikkje er bevisst frå søkjar. Dessutan er det spørsmål om personell som utfører stikkprøvekontrollen er godt nok kjent med regelverket for avkorting.

Regelverket tilseier at avkorting skal vurderast i alle dei tilfella der føretaket har gitt feil opplysningar som kunne ført til urettmessig meirutbetaling av tilskot. Avkorting av tilskot er hovudregel i dei tilfella der det er gitt opp feil opplysningar. Generelt vil vi peike på at kommunen framover ikkje bør leggje lista for å avkorte for høgt, jf. rettleiing frå SLF. Vidare er det viktig at årsaka til den enkelte feilføring og storleiken på denne, alltid blir vurdert og at det blir sendt varsel til søkjar.

- Merknad 9. Kommunen vurderer ikkje avkorting i alle tilfella der det er gitt feil opplysningar som kunne ført til urettmessig meirutbetaling. Kommunen skal vurdere avkorting i alle tilfella der føretak har gitt feil opplysningar som kunne ført til urettmessig meirutbetaling av tilskot – jf. rundskriv 37/12 frå SLF, kap. 5

## 6.9 Generelt

Sakshandsamar som godkjenner søknader om tilskot er ikkje godt nok kjent med kva som blir etterspurt og funne på stikkprøvekontrollen, då det er andre personar utfører dette arbeidet. Kunnskap om desse tilhøva er ein føresetnad for å kunne vurdera korleis søknaden skal handsamast, og om den skal innvilgast. Det er difor viktig at alle som har ansvar for tilskotsforvaltning er samstemte og kjent med kva som skal sjekkast ved kontroll, og kva som er føresetnad for godkjenning av søknaden.

- Merknad 10: Behov for betre samordning mellom dei som jobbar med produksjonstilskot i kommunen når det gjeld arbeidet med stikkprøvekontrollar.

## 7. Oppfølging etter kontrollen

Vindafjord kommune må innan 15.08.2013 gjere greie for kva tiltak som er sett i verk for å rette opp registrerte avvik. Dersom avvik ikkje er retta opp på dette tidspunkt, skal utgreiinga innehalde ein tidfesta plan for korleis avvik skal rettast opp. I tillegg er det ønskeleg å få tilbakemelding på kva planar kommunen har for forbetringar på dei områda som det blir synt til i merknadane.

## 8. Vedlegg

### 8.1 Vedlegg 1. Oversikt over gjennomgått dokumentasjon

Nr.	Tema	Stikkord
1	Sakshandsamingsrutinar	-
2	Risikovurderingar ved føretakskontroll	-
3	Driftsfellesskap	Liste over eigedommar med to føretak som søker separate tilskot. Fylkesmannen plukka ut nokre eksempelsaker frå denne lista.
4	Beitetilskot	Fylkesmannen plukka ut nokre eksempelsaker for føretak som hadde mjølkekyr på utmarksbeite sommaren 2012. Det blei teke utskrift frå mjølkeleveranseregisteret for desse føretaka. Det blei og synt døme på utrekning av dyr som kan godkjennast på utmarksbeite. Dette ut i frå Rogalandsmodellen.
5	Kontroll av spreieareal i samband med utbetaling av PT	-
6	Skog – planting etter hogst	-
	Reaksjonar ved avvik	Tal på avkortingar og trekk blei sjekka i forkant av kontrollen.

